



Informasjon om nye og reviderte tilskotsordningar innan kunst- og kulturfeltet

Hordaland fylkeskommune har gjennomgått sine søknadsordningar. Dette var eit tiltak i den regionale kulturplanen PREMISS:KULTUR. Vi har revidert og lagt om, men dei fleste som har søkt oss tidlegare vil finne igjen ei relevant ordning å søkje på. Vi håper at dei nye søknadsordningane våre speglar våre kulturpolitiske satsingar, og kjem i møte behov som er i kulturlivet. Fylkeskommunen har eit regionalt utviklaransvar, og ønskjer å støtte tiltak og verksemder som kan vere med på å vidareutvikle Hordaland som eit viktig kulturfylke. Våre søknadsordningar kan m.a. gje høve til å prøve ut nye tiltak og samarbeidspartnarar.

Dei tidlegare søknadsordningane *Ålmenne kulturføremål* og *Kulturtiltak for barn og unge* er no erstatta med Kunstprosjekt og kulturtiltak - profesjonell og Kulturtiltak amatør. Dei som har søkt tidlegare vil også finne dei nye ordningane aktuelle. Hordaland fylkeskommune har med PREMISS:KULTUR utarbeidd ein meir tydeleg *kunstpolitikk*. Fylkeskommunen støtter både det frivillige og det profesjonelle kulturliv, men desse to delane av kulturlivet treng ulike verkemiddel og må vurderast på sine særeigne premiss. Merk at det no ikkje er ei eiga søknadsordning for målgruppene barn og ungdom. Det er sett av øyremerka midlar til barn og ungdom innan begge ordningane.

Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell

skal gå til prosjekt og tiltak innan t.d. litteratur, kulturhistorisk dokumentasjon, scenekunst, musikk, visuell kunst m.m i regi av det profesjonelle kunst- og kulturlivet. Det vert gitt tilskot opp til omlag 50 000 kroner i denne ordninga. Det er sett av 1 200 000 kroner til dette i 2016, der minst 400 000 kroner av desse skal gå til tiltak med barn og /eller ungdom som målgruppe.

Kulturtiltak – amatør skal gå til prosjekt innan ulike kulturfelt og sjangrar i regi av / knytt til det frivillige kulturlivet i Hordaland. Det er sett av 935 000 kroner til dette føremålet i 2016, der minst 535 000 kroner av desse skal gå til tiltak som gjeld barn og / eller ungdom.

Kultur- og ressursutvalet har dei siste åra hatt omlag ein million kroner til rådvelde. Desse midlane har vore løyvd til ulike føremål, ofte på bakgrunn av opne søknader

Fleire av ordningane har no også fått forbetra, nettbaserte søknadsskjema. Hordland fylkeskommune får også nye nettsider 8.mars 2016.

Meir informasjon om den enkelte søknadsordning, fristar, kriteria og søknadsskjema finn du på www.hordaland.no.

Oversikt over ordningar med frist i vår/sommar 2016:

- | | |
|---|-----------------------|
| • Kulturtiltak – amatør | 1.april |
| • Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell | 1.april |
| • Større kulturtiltak med regional verdi | 1.april |
| • Kulturbygg med regionale funksjonar | 1.mai |
| • Lokale kulturbygg | (kontakt din kommune) |
| • Tilskot til studieforbund med vaksenopplæringsaktivitet | 1.mai |
| • Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar | 1.mai |
| • Kulturelt utviklingsprogram (KUP) | 1.juni |
| • Kunstnarstipend | 1.august |

og utan fast søknadsfrist. Dette er no innarbeidd i fastare, meir føreseielege former i ordninga **Større kulturprosjekt med regional verdi** med søknadsfrist to gonger i året.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok i sitt februar møte nye programområde for **Kulturelt utviklingsprogram** som i 2016 har ei ramme på 6,5 millionar kroner. Dei nye områda er tilpassa satsingane i regional kulturplan. Det er opna for støtte til meir direkte kunstnarleg produksjon enn tidlegare i programområde C: *Kunstløftet - kunstnarleg nyskaping*. Det er i 2016 sett av inntil 500 000 kroner til prosjekt innan programområda til idretts- og friluftslivfeltet.

Programområde for KUP 2016 er følgjande:

A: Formidling og deltaking,

B: Samordning og samhandling

C: Kunstløftet - kunstnarleg nyskaping